

## Kongesoger, oversyn

- Eit verk på latin av Sæmund Frode, ikr 1120, no tapt.
- Fyrste versjon av *Íslendingabók*, Are Frode, ikr. 1125, no tapt. Inneheldt *Konunga ævi* 'kongelivsskildring'.
- *Hryggjarstykki*, Eirik Oddsson, ikr. 1150. Tapt, men brukt avsnitt i *Heimskringla* (Sigurd Slembe).
- *Historia Norvegiæ*, på latin, 1160-75, norsk verk.
- *Historia om dei norske kongane (Historia de Antiquitate Regum Norwagiensium)*, på latin, Theodoricus munk, ikr. 1180, norsk verk.
- *Ágrip af Nóregs konunga sögum*, ikr. 1190, norsk verk.
- Ei soge på latin om Olav Tryggvason, av Odd Snorresson ikr. 1190, klosteret på Pingeyrar. Overlevert berre i norrøn omsetting.
- Ei soge på latin om Olav Tryggvason, av Gunnlaug Leivsson ikr 1195, klosteret på Pingeyrar, tapt, men delar brukt i *Den store saga om Olav Tryggvason*.
- *Soga om orknøyingane*. Kongesoge? Slutten av 1100-talet, om Orknøy-jarlane.
- *Skjöldunga saga*, ikr. 1200. Norrøn tekst tapt, 1500-talslatin berga. Danske kongar.
- *Sverresoga*, Karl Jónsson, fyrste del 1180-åra, fullført snart etter 1202 (Sverre døydde).
- *Bøglunga sögur*, to versjonar. Eldre enn *Soga om Håkon Håkonsson*.
- *Eldste saga (om Olav den heilage)*, mellom 1155 og 1200; berre fragment berga.
- *Soga om jomsvikingane*. Kongesoge? Ikr. el. like etter 1200. Om vikingar frå no tyske Austersjø-kyst.
- *Den legendariske Olavssoga*, ikr. 1210; er redaksjon av *Eldste saga*.
- Styrme Kåreson si soge om Olav den h., ikr. 1220, bygger på redaksjon av *Eldste saga*. Tapt, men noko brukt i *Den særskilde Olavssoga* av Snorre.
- *Morkinskinna*, ikr. 1220, før *Fagerskinna*.
- *Fagerskinna / Nóregs konunga tal* 'opprekninga av Noregs-kongane', ikr. 1220. Norsk verk?
- *Den særskilde Olavssoga*, Snorre Sturlason, slutten av 1220-åra. Med tillegg mirakelsamling.
- *Heimskringla*, truleg Snorre Sturlason, ikr. 1230 (jf. handskrift *Kringla* 1270).
- *Knýtlinga saga*, 1260-70, danske kongar (jf. *Knútr*).
- *Saga om Håkon Håkonsson*, Sturla Tordsson, 1264-65.
- *Soga om Magnus Lagabøte (Magnúss saga lagabótis)*, Sturla Tordsson, ikr. 1280, berre fragment berga.
- (Seinare berre gamle soger utvida.)

Eldar Heide 12.09.2007 / 18.11.2013

Oversynet er basert på Else Mundal sitt kapittel "Sagalitteraturen" i Odd Einar Haugen (red.) 2004: *Handbok i norrøn filologi*. Bruk det gjerne, men oppgjev kjelde: <http://eldar-heide.net/>